




**VILL
VAKKER
LEVANDE**



Naturvernforbundet

UNIK OG SÅRBAR

Vår vassdragsnatur inneheld mykje levande rikdom. Mektige fossar og stilleflytande elver har forsynt menneska med gleder og føde i uminnelege tider.

Noreg hadde 9 av dei 20 høgste fossane i verda. Veldige vassmengder styrta hundrevis av meter ned. Pr. februar 2019 har sju av dei ni tapt sin frie styrke. To tredeler av dei største vassdraga går no under jorda, gjennom kraftverk. Vi risikerer å miste dei siste restane av frie elver som framleis fyller stryk under den livgjevande vårsola.

Naturvernforbundet kjempar for at elvene som enno renn fritt, skal vere ein del av eigenarten i vår natur. Noreg er fosselandet i Europa, og vi har det til låns frå dei som kjem etter oss. Vi treng ein utvida verneplan for vassdrag. Det er avslørt store manglar i den biologiske kunnskapen som skal forsvare naturen i konsesjonssaker om kraftverk. Dette kan ikkje halde fram.

I dette heftet vil vi fortelje om mykje av det som truar våre elver. Berre få av dei som ein gong steig og fall i naturleg rytme, gjer det framleis.

Kleivafossen, Sogn og Fjordane.
Foto: Alexander Nikiforov

FORSVINN LIVET I ELVENE?



Nykkjesøyfossen, Hordaland.
Foto: bruev

Nokre kommunar har nesten ikkje frittrennande elver igjen. Kva gjer vassdragsutbygginga med livet i elvene?

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har hatt om hende nesten 1300 småkraftsøknader og 64 planer for større kraftverk. Stadig fleire småkraftsøknader fekk etter kvart avslag, og nokre konsesjonar er ikkje nytta av eigarane. Likevel, småkraftbølgja har tørka ut mange bratte strekningar i mindre elvar.

I 2012 gjekk Naturvernforbundet i mot å ta med vasskraft i støtteordninga for fornybar energi gjennom elsertifi-

kat. Denne ordninga dreiv opp utbyggingstakten, og livet dovna i elvenaturen.

Konsekvensane for artar og naturtypar kjenner ingen. Mange vedtak bygger på høgst mangelfulle og misvisande utgreiingar om biologiske verdier i og langs elvene. Ein gjennomgang som NVE tinga (Gaarder, G. og Høitomt, T. 2015. Etterundersøkelse av flora og naturtyper med planlagt småkraftutbygging), avslørte at i 20 kontrollerte

vassdrag fann forfattarane 12,8 gongar så mange raudlista lav og mosar som konsesjonssøknadene hadde vist. Gaarder og Høitomt oppdaga nesten dobbelt så mange naturtypar (58 mot 30) som konsulentane for søkjarane hadde fått med seg. 14 av dei 58 fekk verdien A (svært viktig, den høgste). I søknadene nådde éin av 30 naturtypar dette nivået. Konklusjonen var at kvalitettane som vart forstyrra var vesentlig høgare, omfanget av inngrepa var vesentlig større og konsekvensane mykje meir negative enn søknadene hadde opplyst. Vedtaka bygde på misvisande

opplysningar. Andre undersøkingar har stadfesta dette. Slikt er ikkje kunnskapsbasert forvaltning.

Nordland, Sogn og Fjordane og Hordaland er dei hardast ramma fylka. I desse distrikta var også omfanget av utbygginga størst før småkraftbølgja velta nedover dei bratte liene. Nokre kommunar har nesten ikkje frittrennande elver igjen. Dette er tilfelle langs Hjørundfjorden på Sunnmøre, ved Ullsfjorden og Lyngen i Troms, i Gloppe og Jølster i Sogn og Fjordane og Stranda på Sunnmøre.

KVA MISTER NOREG?

Ein utdøydd art let seg ikkje skape på nytt. Ein trua art er ikkje trygg med berre få nisjar å leve i. Biologane er redde for at mange artar med få individ vil forsvinne, eller nærme seg utrydding, sjølv utan nye inngrep. Snevre grenser for livet set dei i utdøyingsskjeld; individa blir færre og færre når dei ikkje har fleire leveområde å veksle mellom i ein natur som òg har sine eigne vekslingar.

I SKUGGEN AV VASSKRAFTA

Ingen kjenner dei samla konsekven-

sane av omfattande utbyggingar gjennom meir enn 100 år. Men vi veit at store leveområde er sterkt utarma. Laks, aure og sjøaure er mange stader berre ein bleik rest av det eldre menneske kan hugse, også fordi mange andre påkjenningar har gjort sitt. Fossekall, den utruleg hardføre nasjonalfluglen, er framleis rekna som livskraftig. Men talrik er han ikkje. Fossekallen er uløyselig knytt til rennande vatn, helst i stryk og fossar – natur som særpregar Noreg samanlikna med resten av Europa.

I minst 26 elver har laksestammane dukka under etter vassdragsregulering. Laksen er avhengig av levende elver, utan stengsel som hindrar deira frie vandring.

Rundt 270 plante- og dyreartar er i fare langs innsjøar og elver. Talet kan vere større og mange livsformer kan forsvinne. Naturtypen fosseberg og fosse-eng er nær trua av sterk tilbakegang fordi vatnet vert borte. Også bekkekløfter, oftast med mange økologiske spesialistar som krev rennande vatn, har det gått hardt ut over.

RIKE GLEDER I VATNET

Rennande vatn og brennande bål gjev alltid menneska djupe gleder. Fossar kan trollbinde. Frie elver med vatn og vassfall er barndommens landskap for mange. Der lærde dei å fiske; dit søker dei attende. Langs vassdraga bur menneske over heile landet, dette er deira kvardagslandskap og grunnlag for å trivast. I kampen for vern av elver frå 1970-tallet og utover, var innsatsen frå lokale grupper som kjempa for å ta vare på naturens rennande gode, avgjerande i mange saker.



Ein atlantisk laks settast fri.
Foto: matthayes01



Padlelykke.
Foto: CampPhoto



Fossekall.
Foto: LuCaAr

OVERMODEN FOR MILJØKRAV

Foto: Anelanda/stockphoto

Det er vanskelig å sjå for seg at ein fabrikk som starta opp i 1940-åra hadde fått drive uforstyrta utan modernisering av utslippsløyve. Men omtrent slik er det for gamle vasskraftanlegg.

Mange kraftverk fekk konsesjon med høve til å endre vilkåra berre kvart 50. eller 30. år. Nokre konsesjonar er til og med evigvarande, utan ordinær revisjonsadgang. På den tida vart det ikkje stilt krav om minstevassføring og magasinrestriksjonar, noe vi i dag tar for gitt.

Svært mange regulerte elver er tørrlagt eller har berre marginalt med vatn som ein konsekvens av dette. Fisk og andre organismar som er avhengige av vatn i elva har mista leveområdene sine. Dette har også konsekvensar for friluftslivet når moglegheitene for til dømes fiske og padling blir redusert. I tillegg mister vi sjølve opplevingssverdien av ei levande elv i landskapet.

VILKÅRA MÅ ENDRAST

Produksjonen i mange vasskraftverk er i dag tilpassa prisane på den europeiske kraftmarknaden, slik at kraftverka går for fullt når prisane er høge, for så nærmast å bli stengt når prisane er låge. Det kan føre til hyppige, raske endringar av vasstanden i vassdraga, nærmast på timebasis, langt utanfor det naturlege. Dette kallast effektkjøring, og kan føre til erosjon og utrasing av kantsoner langs elver og innsjøar, i tillegg til at det er svært ugunstig for mange artar. Stranding og unormalt store dødstal på fiskeegg og yngel er eit stort problem. Elveøyrrer, flommarkskog og andre flommarkmiljø, opne fosseenger og fossesprøytskog, fuktige bekkekløfter, delta og spesielle element

som vasstrukken daud ved er naturtypar som lokalt har forsvunne eller er i faresona på grunn av vassdragsreguleringar. Laks, aure, ål og elvemusling er utsett fordi formerings- og leveområda deira er trua eller allereie tapt.

REELLE MILJØFORBETRINGAR

Arbeidet med dei regionale vassforvaltningsplanane har ført til at vilkårsrevisjonar er sett på agendaen som verktøy for å forbetre miljøtilstanden i regulerte vassdrag. Det viktige framover er at det kjem reelle miljøforbetringar ut av desse revisjonane.

Ved å ta i bruk eksisterande kunnskap om miljøbasert vassføring, utsiktene som ligg i gode opprustings- (og utvidings-) prosjekt, og energieffektiviseringstiltak kan vassdragsmiljøet forbetrast mykje med kun marginalt redusert kraftproduksjon. Vi ser på dette som ei investering i miljøforbetringar, ikkje ei utgift eller eit tap.



Over: Hyppige vasstandsendingar som følgje av effektkjøring av vasskraftmagasin kan føre til bl.a. erosjon av kantsoner og tørrlegging av gytegroper. Foto: Oddvin Lund

Under: Tørrlegging av elver er vanleg ved drift av eldre kraftanlegg utan krav om minstevassføring. Foto: Oddvin Lund



NÅR FLAUMEN KJEM

Naturinngrep har gjort samfunnet meir sårbart for flaum og skred, som er naturlege prosessar naturen er laga for å takle.

Gjennom alle tider har samfunnet måtta lære seg å leve med og tilpasse seg risiko for flaum og skred. Men i dag har myrområde og våtmark blitt drenert og tørrlagt i stort omfang for å drive jord- og skogbruk. Vi har tatt i bruk tradisjonell flaummark til boliger, infrastruktur, industri og camping. Mange elvekantar har blitt forsterka med stein eller betong for å redusere utgraving og erosjon. Slik har naturens evne til å dempe vatnets fart og flaum blitt redusert mange stader.

Flaumar dei siste åra har ført til ny debatt om utbygging av vassdrag for å redusere flaum. Kraftutbygging kan halde vatnet tilbake ved bygging av dammar, men samtidig kan naturens evne til å meistre flaum bli mindre og økosystemtenestene redusert.

Naturtypar knytt til ope lågland, ferskvatn, våtmark og skog som open flaummark, innsjøar, brakkvassjøar, elve- og bekkeløp, myr, kjelder og flaummarkskog regulerer vatnets fart, vernar mot erosjon og naturskade og lagrar vatn. Verna vassdrag har i stor grad desse naturtypene, og utbygging vil kunne redusere flaumdempinga.

Ved dei store kraftmagasina må produsentane samarbeide med styresmaktene om korleis ein kan bidra til å

dempe konsekvensane under flaumar. Ledig kapasitet kan ha god verknad på halvstore flaumar, men dei store flaumane krev veldig mye ledig kapasitet, noko kraftselskapa ikkje utan vidare klarer å sikre tidsnok når flaumvarslet kjem. Dette gjeld særleg om hausten når magasina ofte er fulle, eller ved akutt ekstremnedbør over kort tid.

Sikring langs elver, kan vere så krevjande at det blir naudsynt å vurdere ein flaumtunnel for å bringe vatnet vidare. Flaumtunnelar er ofte dyre, og det vil vere behov for auka statlege bidrag. Finansiering av flaumtunneler gjennom kraftproduksjon vil føre til permanent regulering av vassdraget, noe som strir mot vassdragsvern, friluftsliv, økosystemtenester, landskapsbilde, biologisk mangfald mm.

Det viktigaste og mest effektfulle tiltaket for å hindre store flaumskadar er betre flaumsonekartlegging og arealplanlegging i kommunane. Det beste er å ikkje bygge i flaumutsette område. Planlegging som tar omsyn til flaumfare er derfor eit svært viktig verkemiddel for å førebygge tap og skadar. Ei moderne arealplanlegging kan ikkje basere seg på ustraffa å leggje bustader, næringsbygg og infrastruktur ved elvebredda i opplagt sårbare område.



Flaum i Drammenselva. Foto: Ali Suliman



ØYSTESE - EIN STOR SIGER

Vernet av Øystesevassdraget er ein av dei største sigrane på mange år. Det var ein lang kamp, og ofte såg det mørkt ut.

Øysteseelva er eitt av dei få vassdraga i Hordaland som framleis får renna urørt frå fjell til fjord. Vassdraget renn frå fjellviddene vest for Hamlagrøvatnet i 600 meters høgd mot sør gjennom den vakre og ville Vossadalen ned i Vossadalsvatnet. Derfrå renn elva austover gjennom den vakre Fitjadalen med mange spor etter tidlegare tiders stølsliv og ned i Fitjadalsvatnet, som ligg 256 meter over havet. Nedre delen av elva

dannar Ørredalsfossen før den renn vidare ned mot Hardangerfjorden ved Øystese. Denne fossen er ein av dei store turistattraksjonane i Kvam herad.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) innstilte på at Øystesevassdraget skulle vernast i 2009 som eit supplement til verneplanen for vassdrag, men Regjeringa og Stortinget gjekk imot forslaget. Eit nytt tilbakeslag kom då NVE hausten 2015

tilrådde utbygging. Denne avgjerda bygde på eit nokså spinkelt grunnlag, og naturvern- og friluftslivsorganisasjonane gjekk då saman om å få utarbeidd ein tilleggsrapport. Denne rapporten frå BioFokus påviste 14 raudlista moseartar nær fossen som ville bli påverka av utbygging, fem gongar så mange som det Multiconsult hadde observert, og som låg til grunn for NVE sitt vedtak. I tillegg arrangerte Naturvernforbundet og Forum for natur og friluftsliv (FNF) eit seminar i Øystese hausten 2016 der også reiselivsinteresser deltok. På

seminaret kom det fram mykje ny informasjon som talte imot utbygging.

Resultatet var at Olje- og energidepartementet omgjorde tilrådinga frå NVE og avsla konsesjon til begge kraftverka hausten 2017. I Jeløyaerklæringa frå januar 2018 står det: «Supplere verneplanen for vassdrag med Øystesevassdraget».

Men først og fremst er vernet er eit resultat av samarbeid mellom naturvern- og friluftslivsorganisasjonane i Hordaland og sentralt gjennom mange år. Stortinget vil verne Øystesevassdraget i mars 2019.

TRUA AV VASSKRAFTUTBYGGING

VIGDØLA

Vakre Vigdøla med ville Håvardfossen renn som ei livgjevande åre gjennom det storslagne fjell- og fosselandskapet i Jostedalen i Sogn og Fjordane, og renn saman med Jostedøla cirka 12 kilometer frå utløpet i Gaupnefjorden.

Vigdøla er alt påverka av vasskraftutbygging, og Statkraft har søkt om ytterligere utbygging av elva. Dette vil gi redusert vassføring med negative konsekvensar for landskap, laks og sjøaure.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har tilrådd å gi konsesjon til Statkraft på eit prosjekt på 45 GWh. Statkraft har i etterkant søkt om redusert utbygging på 35 GWh for å betre økonomien i prosjektet. NVE har vurdert planendrings-søknaden, men tilrår opphavleg søknad. Saka ligg pr. februar 2019 i Olje- og energidepartementet for endelig avgjerd.




Vigdøla
Foto: Naturvernforbundet

KVANNDALSELVA

Få er klar over at bak dei siste husa i Kvanndal skjuler det seg ein trong, vakker elvedal som om sommaren kan gje deg kjensla av å vera midt i ein tropisk regnskog. Kvanndalselva er livsåra i dalen og kjelda til det frodige plantelivet, og heim for sjøauren, som vandrar fleire kilometer oppover elva.

Kvanndalselva er ei av dei siste elvene i Hardanger som framleis får renna fritt frå fjell til fjord. Men Hardanger Energi vil flytta vatnet gjennom tunnel til kraftverket i nabodalen Folkedal. Naturvernforbundet Hordaland har saman med dei andre organisasjonane i Forum for natur og friluftsliv Hordaland engasjert seg sterkt for å bevare elva. Det er også lokal motstand mot utbygginga.

Granvin heradsstyre har gått inn for utbygging, men både Fylkesmannen og fylkeskommunen har fremja motsegn. Saka ligg pr. februar 2019 hjå NVE.



Kvanndalselva
Foto: Naturvernforbundet

LAPPLAND - DET STORE VASSTJUVERIET

I Sulitjelma i Fauske kommune i Nordland har Musken Senter saman med Lapponia Center lagt fram planer om å bygge eit av noregshistoriens mest omfattande vasskraftverk. Anlegget med dammar og nett av rørtunnelar vil gå over heile fem kommunar: Fauske, Sørfold og Saltdal i Nordland og Jokkmokk og Arjeplog i Sverige.

Vatnet skal hentast frå seks innsjøar på norsk og svensk side, som alle har elver som renn austover og ut i Sverige. Musken Senter ønsker å snu desse vassdragsressursane til å renne vestover og inn i kraftverket i Sulitjelma i Noreg og ut i Saltdalsfjorden. Utbygginga av kraftverket vil omfatte store naturområde på begge sider av grensa. På svensk side ligg i dag nasjonalparken Padjelanta og på norsk side har vi to reindriftsområde. I Saltdalen kan også konsekvensane ved eit slikt utslepp av ferskvatn i ein saltvassfjord vere skadeleg for artane som lever der og dei naturlige økosystema.



Bajep Sårjåsjavre sett frå Sulitjelfjella mot øst. Foto: Lappland kraftverk

IKKJE VERNA, MEN KONSESJON AVSLÅTT

GJENGEDALSVASSDRAGET

Frå nakne fjell renn Gjengedalsvassdraget mellom frodige lier ut i Hyenfjorden i Gloppen, Sogn og Fjordane. Ned i det nesten to kilometer lange Gjengedalsgjelet stuper ein mektig foss som gjer lufta fuktig og plantelivet frodig. Landet vårt har knapt andre lokalitetar med slik topografi, klima og levekår. Frå fossen og 150 meter nedover har over 200 moseartar sin heim, eit uvanleg høgt tal. Nokre av dei finst berre få stader i landet. Dei som har sett sine bein i gjelet, gløymmer ikkje opplevinga.

Mellom fossen og fjorden har elva ein av dei mest robuste laksestammane i landet, og dei har vi berre ca tjue av. Fisken er av den minst forstyrta av gen frå oppdrettslaks. Der er meir enn dobbelt så mykje gytefisk som staten har sett som mål for denne elva.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) tilrådte i januar 2017 at Sogn og Fjordane Energiverk skulle få konsesjon til utbygging av vassdraget. I mai 2018 avslo Olje- og energidepartementet (OED) søknaden.

Naturvernforbundet viser til avslaget frå OED og det særst verneverdige fossesprutmiljøet, og meiner at Gjengedalsvassdraget bør få varig vern gjennom verneplan for vassdrag. Då kan rytmen og livet i den rike elva halde fram.



Gjengedalsfossen. Foto: Naturvernforbundet



Skurvedalsåna fossar ned ein dal med idylliske tjern.
Foto: Rune Folkvord

SKURVEDALSÅNA

Skurvedalsåna er ei lita elv i eit nedbørfelt i Forsand kommune (Nye Sandnes) i Rogaland. Vassstrengen strekk seg cirka 10 kilometer frå høg fjell på 800 meter over havet ned til Bratteli og ut i Lysefjorden.

Sunnmorkvatnet er den største innsjøen og ligg i snaufjellsområdet. Elva renn frå snaufjell, gjennom ope landskap med vatn for deretter å fosse ned i selve Skurvedalen med idylliske tjern og gammal skog. Skurvedalen har villmarkspreg og er den siste av sitt slag i Rogaland.

Skogen innan nedbørfeltet er tidligare vurdert som verneverdig, og med åra har denne verdien auka. Derfor jobbast det nå med å få til frivillig vern av skogen. Dersom skogen får status som naturreservat, vil det bli ein viktig brikke i å få realisert planane om Preikestolen nasjonalpark.

I 2014 var det planer om å ta mesteparten av vassføringa frå Stølstjørn til ein kraftstasjon i Songesand og produsere 26 GWh. NVE ga konsesjon trass i at ei samla naturvernørslø og Rogaland fylkeskommune gjekk mot planane. Naturvernforbundet la ned eit stort arbeid og klaga NVEs avgjerd inn til OED. Hausten 2017 avslo OED konsesjonsvedtaket til NVE, og grunn gav det med Skurvedalens verdi for landskap, friluftsliv og naturmangfald.

Med utgangspunkt i OEDs vedtak bør Skurvedalsåna sikrast varig vern gjennom verneplan for vassdrag.

IKKJE VERNA, MEN KONSESJON AVSLÅTT



Messingågas utløp ved
Hjartåsen, Storboll.
Foto: Sandivas

MESSINGÅGA

Vassdraget ligg i Dunderlandsdalen i Rana kommune, og er sideelv til Ranelva frå sør. Messingåga renn gjennom Messingdalen i eit moreneterreng med innslag av breelvavsetningar. Nedbørfeltet er består i stor grad av urørt natur. Det omfatter eit av Ranas viktigaste naturområde for våtmarksfugl. Dalen omkring er viktig sommarbeite for elg, og jerv har fast tilhald. Elva er rik på røye og aure, og instansar som Samarbeidsrådet for Naturvernsaker (SRN), Rana kommune, Nordland fylkesting og delar av Stortinget har gått inn for vern.

Søknad om kraftutbygging vart sendt Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i 2005 på eit prosjekt som ville gitt om lag 17 GWh i kraftproduksjon. NVE avsto søknaden i 2015 og grunngav det blant anna med at Messingågadalen har stor verdi for lokalt friluftsliv. NVE meinte at realisering av Messingåga kraftverk ville gi store negative verknader for friluftsliv og landskap.

Tiltaket ville også sterkt forringe ei nordvendt bekkeløft med regional til nasjonal verdi. NVE viste vidare til at Messingåga danner ei av dei få attverande intakte bekkeløftene av høg verdi i området. Etter NVE si vurdering vil aktuelle tilpassingar ikkje vere tilstrekkelige til å bote på dei negative konsekvensane.

Naturvernforbundet støtter NVEs vurderingar, og meiner at Messingåga bør få varig vern gjennom verneplan for vassdrag.



Foto: Naturvernforbundet

NUNDALSELVI

Nundalselvi renn ned på nordsida av Årdalsvatnet i Årdal kommune. Vegetasjonen i dalen er frodig, artsrik og høgproduktiv. Elva renn i eit gjel med fleire høge fossar, mellom delvis sjeldne naturtypar som bergkløft og bergvegg, slåtemark og fossesprutsoner. Også fuglelivet er meir enn vanleg rikt. Høgre oppe vandrar reinen etter beitemarker.

Dalen er heilt utan tyngre, tekniske inngrep og med villmark i den øvre delen. Kulturminna er rike, etter busetting fram til 1960-talet. For friluftsliv er Nundalen vakker og veleigna. Olje- og energidepartementet avsto i 2018 ein søknad om kraftutbygging her på grunn av store negative konsekvensar for landskap, friluftsliv, kulturmiljø og naturmangfald. Nundalselvi bør derfor inn i verneplan for vassdrag.

IKKJE VERNA, MEN KONSESJON AVSLÅTT

TVINNA

Tvinna er truleg den flottaste intakte elva med fossefall langs Nordfjorden i Sogn og Fjordane. Andre flotte og imponerende fossefall i regionen, som Yksneelvene på sørsida av fjorden, vart til samanlikning bygd ut for over 50 år sidan. Dette gjer Tvinna med sine fossar ekstra verneverdig som attverande rest av eit ein gong rikt fosselandskap.

Tvinna naturreservat ligg i den øvre delen av nedbørfeltet. Området er freda på grunn av eit mangfald av ulike typar myr.

Søknad om å byggje ut Tvinna kraftverk vart avslått av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i 2008. Utbyggar klaga på NVEs vedtak, men Olje- og energidepartementet (OED) avviste i 2013 klaga og opprettheldt NVEs avslag. Dei viktigaste grunnane er store negative konsekvensar for verdifult landskap med stor verdi for friluftsliv og turisme, og at tiltaket vil forringe eit område med naturtypen intakt låglandsmyr (klassifisert som svært viktig = A-verdi).



Tvinnefossen
Foto: Chell Hill

HOVDA

Hovda er eit av dei siste større vassdraga i fylket som ikkje er påverka av kraftutbygging. Elva har eit samanhengande bekkekløftsystem frå fjellområda i Hemmeldalen naturreservat til utløpet. Elva renn gjennom majestetiske juv og bekkekløfter over lange strekningar

Heile Hovdas bekkekløftkompleks er av nasjonal verdi, og er ein av få lokalitetar i Hedmark med potensial som leveområde for mange fuktighetskrevjande artar.

NVE gav i desember 2014 konsesjon for utbygging av eit kraftprosjekt på ca 11 GWh, men etter klage frå naturvernssida gjorde OED om NVEs konsesjonsvedtak. Departementet grunn gav avslaget med at Hovda kraftverk ville ha for store negative konsekvensar for naturmangfald og andre interesser, sett opp mot bidraget til ny fornybar energi og andre fordelar.

Parti av Hovda med trange juv og urørt natur.
Foto: Ketil Skogen.



Mektig foss i Vinda.
Foto: Naturvernforbundet



VINDA

Vassdraget er det siste urørte i Øystre Slidre kommune. Elva og området rundt er eit sentralt friluftsområde for kommunens største tettstad, Heggenes. I og rundt elva trivst folk, dyr, fisk og planter. Mange av artane er raudlista.

Opplevingar og levekår var trua av ei utbygging på 56 GWh, som ville redusere vasstanden i elva ved å føre vatn frå øvst i Vinda gjennom ein tunnel til Heggefjorden. Dei negative konsekvensane av utbygginga ville vere mange: øydelagt naturgrunnlag og miljøulemp, frostrøyk i busetnaden og redusert drikkevasskvalitet.

Den 7. november 2018 avviste OED søknaden om konsesjon til utbygging på grunn av negative konsekvensar for landskap, friluftsliv, fisk og fiske.

Med referanse til OEDs vedtak bør Vinda inn i verneplan for vassdrag.

VERNA, MEN LIKEVEL TRUA


VOSSOVASSDRAGET

Vassdraget vart verna i 1986 på grunn av store verneverdiar. Det er eit typevassdrag med store vilt-, fiske- og friluftsinnteresser.

I 2014 vart Vossevangen ramma av ein flaum med store øydeleggingar, og sidan har flaumsikring vore utgreia. Mellom anna er det lagt fram planer om kraftutbygging i Raundalselva med flaumtunnel.

Alle er samde om at Voss må sikrast mot flaum, men Naturvernforbundet går sterkt imot kraftutbygging i den verna Raundalselva. Kraftutbygging i verna vassdrag kan berre vere aktuelt når andre flaumsikringstiltak er prøvd ut. Utbygging vil ha store negative miljøkonsekvensar og vere øydeleggande for gode naturopplevingar. I 2016 fremja Naturvernforbundet forslag om flaumsikring med tiltak langs vassdraget og bygging av flaumtunnelar nedstrøms Vangsvatnet.

Det er eit av forslaga konsultantselskapet Sweco no greier ut for Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dersom alternativet med å bygge tunnel oppstrøms Vossevangen vert valt, kan diskusjonen om kraftverk på nytt blusse opp på grunn av høge kostnader. Varig vern og berekraftig flaumsikring av Vossovassdraget er eit verdival for framtida.



Vosso, Bolstad. Foto: Øystein H. Brekke

OPO MED LÅTEFOSS

Opo vart verna mot kraftutbygging i 1973. Vassdraget er urørt, har stor landskapsmessig variasjon og rikt biologisk mangfald. Den nedste delen av Opo er flaumutsett. I 2014 vart vassdraget ramma av ein skadeflaum med omfattande øydeleggingar. NVE starta derfor eit arbeid for å sikre Opo nedanfor Sandvinvatnet, og det er utført omfattande flaumsikringstiltak langs bredda i Odda.

Sjølv om Opo er verna mot kraftutbygging, vedtok Stortinget i 2016 at NVE kunne behandle ein søknad frå energiselskapet SKL om kombinert tunnel og kraftverk som flaumsikring. Vedtaket i Stortinget vakte sterke reaksjonar fordi det var i strid med vedtak om at andre flaumsikringstiltak skulle vere prøvd ut før kraftutbygging kunne komme på tale. Odda kommunestyre har støtta bygging av kraftverk, men etter at NVE i august 2018 rådde frå konsesjon, har fleirtalet i kommunestyret støtta NVEs vedtak. Kommunestyret ønskjer likevel fleire flaumsikringstiltak.

På styremøtet i oktober 2018 valde SKL å trekke søknaden om å byggje Opo flaumkraftverk.



Låtefoss. Foto: cookelma/Istockphoto


FLÅMSELVI

Hausten 2014 gav ein stor flaum vesentleg skade på bygningar og infrastruktur i Flåm. På bakgrunn av dette har Aurland kommune bedt om at det opnast for konsesjonsbehandling for å overføre vatn frå Vindedalselva til Aurlandsvassdraget.

Etter flaumen er det gjort sikringstiltak på delar av strekningen som vart dimensjonert for ein 200-årsflaum med 40 prosent klimapåslag. Kommunen meiner at det framleis er stort potensial for skade på infrastruktur, og at flaumfaren er til hinder for vidare utvikling.

Overføringa av vatn til Aurlandsvassdraget har vore vurdert to gongar tidligare, sist i 2015. Det vart då lagt til grunn at overføringa i mindre grad fungere som flaumdempande tiltak. Etter departementet sitt syn er det ikkje lagt fram ny informasjon som vesentleg endrar denne vurderinga.

Vassdraget vart verna i 1986 og har status som nasjonalt laksevassdrag.



Øvre del av Flåmselvi.
Foto: electricssheep

Bli med på laget, meld deg inn i Naturvernforbundet!

Kvar dag jobbar vi for dei gode løysningane. For natur, miljø og folk. Bli med på laget!

Naturvernforbundet er Noregs eldste natur- og miljøvernorganisasjon. Vi er ein demokratisk medlemsorganisasjon i sterk vekst med meir enn 25 000 medlemmar, fylkeslag i alle landets fylke og cirka 80 lokallag over heile landet.



Vassdragsforkjempar Per Flatberg, fylkessekretær Synnøve Kvamme og leiar Silje Ask Lundberg i Naturvernforbundet. Foto: Bergen og Hordaland Turlag

MELD DEG INN:

Send SMS <NATUR> til 2377 eller send e-post til
medlem@naturvernforbundet.no.
www.naturvernforbundet.no/medlem

Ein brosjyre frå Naturvernforbundet, mars 2019

Ansvarleg utgivar: Generalsekretær Maren Esmark. Fagleiar: Arnodd Håpnæs

Bidragsytarar: Erik Solheim, Silje Hansen, Jan Olav Nybo, Einar Sletten og Øyunn Hasvik, Tore Brænd, Oddvar Skre, Kåre Flatlandsmo, Rune Folkvord, Synnøve Kvamme og Per Flatberg

Redigering: Kari Fonnes. Design og layout: Tor Bjarne Christensen

Forside: Hovda, foto: Ketil Skogen. Trykk: Merkur-Trykk AS



Naturvernforbundet